



Arkivnr: 2015/11766-1

Saksbehandlar: Einar Stokka

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2015

## Politisk deltaking i dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen

Nordsjøkommisjonen vart oppretta i 1989 som ein geografisk underkommisjon av Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR). Organisasjonen har i dag 31 medlemmar som representerer 8 land rundt Nordsjøen. Hordaland har ei markant rolle i organisasjonen. Det er gjort tydeleg ved at Tom-Christer Nilsen er president i gjeldande periode, og Hordaland stiller følgjeleg sekretariat.

Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne interesser, samarbeide og utvikle politikk. Det er og mogleg for fylkeskommunar frå ikkje-medlemslandet Noreg til å være med å påverke den europeiske dagsorden. Nordsjøkommisjonen har eit styre (Executive Committee) kor ein representant frå kvart medlemsland sit, samt president og vise-presidentar. Tom-Christer Nilsen sit som president og Andreas Lervik frå Østfold representerer Noreg.

Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien vart vedteken i 2011 etter grundige diskusjonar og innspel frå partnarar og stakeholders. Strategidokumentet gir argumentasjon for behovet for strategisk samarbeid i Nordsjøbassenget ved å definere felles utfordringar, moglegheiter og prioriterte område for samarbeid. Dei prioriterte områda samsvarer godt med prioriteringane på Vestlandet; berekraftige lokalsamfunn, klima og miljø, forvaltning av sjøareala og transport. Innovasjon, berekraft og konkurransekraft er horisontale tema som går på tvers av dei føregående fire områda.

Strategien blir operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene.

Nordsjøkommisjonen har per i dag fem tematiske arbeidsgrupper:

- Kultur og reiseliv
- Økonomisk utvikling
- Marine ressursar
- Energi og klima
- Transport

Gruppene arbeider med politikutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap. I tillegg til å vere ein viktig politisk arena gir Nordsjøkommisjonen sine tematiske arbeidsgrupper gode høve for fagleg samarbeid. Gruppene har som regel to møter i året, i tillegg til arrangement i samband med generalforsamlinga i juni. Kvar gruppe vel politikarar frå medlemsregionane som *chair* og *vice-chairs* (til saman tre representantar). I tillegg er det ein fast rådgjevar i sekretariatsfunksjon. Ut over dette er medlemsregionane fri til å stille med deltakarar på møta. Dei fleste regionane som deltar vel derimot å stille med ein folkevald representant og ein administrativ støtteperson.

Administrative støtte for representantane er avgjerande for at den politiske representasjonen i arbeidsgruppene skal fungere optimalt. Dette gjeld både i høve til førebuing/gjennomgang av møtedokument i forkant av møta, assistanse under møta og oppfølging/rapportering.

22. mars 2013 utpeika Fylkesutvalet ein representant frå Fylkestinget til kvar av dei fem tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen. Dette var ei oppfølging av sak 121/11 frå 23. juni 2011. Der vedtok Fylkesutvalet at "(...) fylkeskommunen styrkjer sitt engasjement i den internasjonale organisasjonen CPMR/Nordsjøkommisjonen". Desse verva blei fordelte mellom partia i posisjon og opposisjon. I januar 2015 blei to av dei politiske representantane erstatta. Frå 29. januar 2015 var følgjande valt til å representere Hordaland:

Tematisk gruppe:

Culture and tourism: Silje Hjemdal (FrP)

Economic development: Sveinung Valle (Ap)

Transport: Tom Skauge (SV)

Energy and climate change: Torill Selsvold Nyborg (KrF)

Marine resources: Mona Røsvik Strømme (H)

Ved nytt Fylkesting frå hausten 2015 må ein velje politiske representantar for den komande perioden. Fylkesutvalet står fritt til å velje nye representantar for den kommande perioden. Samstundes har erfaring vist at kontinuitet i disse gruppene er viktig. Blant dei fem representantane som har stått til no er Silje Hjemdal, Sveinung vall og Mona Røsvik Strømme framleis i Fylkestinget, medan Tom Skauge og Torill Selsvold Nyborg har gått ut.

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet vel følgjande representantar til å representere Hordaland fylkeskommune i dei 5 tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen:

Culture and tourism: \_\_\_\_\_

Economic development: \_\_\_\_\_

Transport: \_\_\_\_\_

Energy and climate change: \_\_\_\_\_

Marine resources: \_\_\_\_\_

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 13.11.2015**

### **Bakgrunn**

Nordsjøkommisjonen sine tematiske arbeidsgrupper står for dei fleste aktivitetane i organisasjonen i tida mellom generalforsamlingane. Aktiv deltaking i desse arbeidsgruppene er difor den mest effektive måten å få konkret nytte av medlemskapen i Nordsjøkommisjonen.

### **Om arbeidsgruppene**

Arbeidsgruppene skal både drive med politikkkutforming (som dokumentet North Sea Region 2020 og høyringsuttaler til EU-systemet) og utarbeide forslag til konkrete samarbeidsprosjekt. Kvar gruppe vel politikkarar frå medlemsregionane som chair og vice-chairs (til saman tre representantar). I tillegg til desse, er det ein fast rådgjevar i sekretariatsfunksjon. Ut over dette er medlemsregionane fri til å stille med deltakarar på møta. Gruppene har som regel to møter i året, i tillegg til arrangement i samband med generalforsamlinga i juni.

### **Aktiv deltaking**

Aktiv deltaking i arbeidsgruppene er eit effektiv verkemiddel for å skape styrka engasjement i organisasjonane. Det syner at aktiv deltaking aukar utbytte av medlemskapen og at det gir seg utslag i ny kompetanse, nye nettverk og politiske påverknadsmulegheiter. Det er og mogleg å søke auka påverknadskraft gjennom å stille som kandidat til leiarposisjonane i gruppene. Fem medlemmar av fylkestinget i Hordaland ble utpeika som fast representant for Hordaland fylkeskommune i dei respektive arbeidsgruppene på Fylkesutvalet i mars 2013. Men det er naudsynt å finne nye representantar etter det har skjedd endringar i arbeidsposisjonen for fleire av desse.

Prinsipp for deltaking i dei tematiske arbeidsgruppene

- Dei folkevalde representantane deltar på ordinære møte i dei respektive gruppene. I tillegg kan ein
- delta på eventuelle fellesmøte eller felleskonferansar
- Deltaking på Nordsjøkommisjonen si generalforsamling vert vurdert i høve til aktuell tematikk for
- arbeidsområde. Deltaking på generalforsamlinga vert vurdert i samråd med fylkesordførar.
- Fylkesutvalet skal ha munnleg/skriftleg rapportering etter kvart møte ein har delteke på

### **Administrativ støtte**

Fylkesrådmannen stiller nødvendig administrative støttefunksjonar til disposisjon for førebuing/gjennomgang av møtedokument, møtedeltaking og oppfølging/rapportering. Fylkesrådmannen har utpeika faste administrative personar som følgjer dei ulike arbeidsgruppene.